



Bømlo Kunstlag

Dato: 01.10.2015
Vår ref.: 2015/2152-88
Saksbehandlar: irekron
Dykkar ref.:

Kulturelt utviklingsprogram 2015 - Underretning om vedtak – Kunst i natur

Vi viser til Dykkar søknad om tilskot frå kulturelt utviklingsprogram 2015. Dykkar prosjekt vart diverre ikkje tildelt midlar frå Kulturelt utviklingsprogram for 2015.

Grunngjeving

Det låg føre 37 søknader med samla søknadssum på 15.477.490 kroner, medan Kultur- og ressursutvalet hadde 6.200.000 kroner til fordeling.

Til grunn for handsaminga låg utgreiing av prosjektet slik det vart framstilt i søknaden. Dykkar søknad vart vurdert saman med andre søkjarar opp mot retningsliner og prioriterte programområde for Kulturelt utviklingsprogram. Kulturplanen PREMISS: KULTUR, med tilhøyrande handlingsplan, ligg til grunn for fylkeskommunen sine prioriteringar og var ein viktig reiskap i vurderinga av søknadene. Dykkar søknad nådde diverre ikkje opp ved dette høvet

Vi viser til [politisk sak](#) og [katalog](#) med oversyn over søknadane og fylkesrådmannens kommentarar. Merk at det [politiske vedtaket i protokollen](#) i nokre tilfelle er ulik fylkesrådmannens innstilling.

Klagetilgang og dokumentinnsyn:

Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan klaga på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalda opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjera dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Dersom De har spørsmål til saka er De velkommen til å ta kontakt. Dykkar kontaktperson vil vera Marianne Ose Askvik telefon: 55239543 eller e-post kup@hfk.no

Vi takkar for søknaden og vonar at prosjektet kan realiserast utan midlar frå Kulturelt utviklingsprogram ved denne tildelinga. De er sjølvsagt velkommen til å søkja midlar frå Kulturelt utviklingsprogram ved seinare høve.

Anna Elisa Tryti
Fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B Skaar
utviklingssjef/seksjonsleiar

Sakshandsamar: Marianne Ose Askvik, Tone Stedal Haugland, Elisabeth Bjørsvik

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.